



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Trond Håkon Stadheim, 5557 2189

Vår dato  
15.08.2016  
Dykkar dato  
31.05.2016

Vår referanse  
2016/9680 422.5  
Dykkar referanse  
15/4123

Aage Aasgard  
Hindenesvegen 501  
5993 OSTEREIDET

### **Oppheving av vedtak etter jordlova - Lindås - Gnr 22 bnr 1 - Åsgård - Frådelingssak etter jordlova**

#### **Vedtak:**

**Fylkesmannen opphevar vedtak som gjeld frådeling etter jordlova § 12 på gnr. 22, bnr. 1 fatta av Lindås kommune 16.03.2016.**

#### **Kva saka gjeld:**

Aage Aasgard søkte 09.12.2015 om frådeling av 5 dekar utmarksareal på gnr. 22, bnr. 1 i Lindås kommune, kor formålet var å byggje bustad.

Lindås kommune sendte saka på høyring i brev datert 28.12.2015 til Fylkesmannen for uttale. Administrasjonen sin førebelse vurdering gjekk fram av høyringsbrevet, blant anna den landbruksfagleg vurderinga av saka.

Fylkesmannen kom med ein negativ uttale om å gje dispensasjon 04.01.2016.

Lindås kommune fatta eit negativt vedtak 16.03.2016 i sak 034/16 etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, og det vert ikkje gjeve dispensasjon etter § 19-2 jf. § 1-8. Det vert heller ikkje gjeve samtykkje til frådeling etter jordlova § 12.

Vedtaket til Lindås kommune blei påklaga i brev motteke 07.04.2016. Lindås kommune handsama klaga og stadfesta vedtaket i sak 060/16 den 25.05.2016. Saka ble difor sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Kommunal og samfunnsplanavdelinga hos Fylkesmannen stadfesta 13.07.2016 den delen av vedtaket som gjaldt plan- og bygningslova. Vedtaket etter jordlova § 12 ble sendt til Landbruksavdelinga for endeleg avgjerd.

## Fylkesmannen si fråsegn:

Etter forvaltningslova § 34 kan klageorganet prøve alle sider ved saka. Statleg klageinstans skal likevel leggje vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie forvaltningsskjønnet i saka.

I den førebelse landbruksfaglege vurderinga i skriv datert 15.12.2015 som ble sendt saman med høyringa til Fylkesmannen 28.12.2015, er det tatt utgangspunkt i jordlova § 12 og det er her uttalt:

*«Arealet som eventuelt vert teke til anna føremål enn landbruk, er grunnlendt skogsmark. Vurdering av tiltaket i høve til §9 i jordlova, er ikkje naudsynt. Framføring av veg vil eventuelt krevje om lag 100m<sup>2</sup> innmarksbeite.*

*Deling slik det er søkt om, vil ikkje endre bruksstrukturen i landbruket. Det gjeld tomt til bustadføremål.*

*Tiltaket vil forbruke 5000m<sup>2</sup> grunnlendt skogsmark. Dersom det først skal takast areal til anna enn landbruk i dette området er dette noko av det mest skånsame med omsyn til å take vare på arealressursane.*

*Tiltaket fører ikkje til miljø- eller driftsmessige ulemper for landbruket. Området er utmark. Noko beite vert råka, men det er ein liten flik heilt i utkanten av eit elles stort beiteområde.*

*Deling slik det er søkt om vil eventuelt føre til at det kjem unge folk for å busetje seg i ein utkant av kommunen. Om lag ein km lenger nord finst område for bustadbygging, men i området det tomta ligg er det ikkje anna busetjing.*

*Vurdert i høve til omsynet til landbruket, er det ikkje sterke grunner som talar mot tiltaket.»*

Denne vurderinga er den same som er lagt til grunn i vedtaket som ble fatta i sak 034/16. I klagesakshandsaminga til kommunen er det ikkje nærmere gått inn på vurderinga etter jordlova § 12.

Fylkesmannen er på bakgrunn av innhaldet i grunngjevinga av det syn at det er nødvendig å vurdere om vedtaket har blitt fatta på riktig grunnlag. Tilsynelatande er det ikkje nokon moment som tilseier avslag på søknaden etter jordlova, og dei er i tilfelle ikkje synleggjort. Dette i motsetnad til den delen av vedtaket som blei fatta etter plan- og bygningslova.

Etter § 34 fjerde ledd kan klageinstansen sjølv fatte eit nytt vedtak i saka, eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny handsaming.

Fylkesmannen har på bakgrunn av dette vurdert om det ligg føre sakshandsamingsfeil etter forvaltningslova som tilseier at vedtaket fatta etter jordlova § 12, er ugyldig.

Det følgjer av fvl § 24 første ledd at enkeltvedtak skal grunngjevast. Vidare skal forvaltningsorganet gje grunngjeving samtidig med at vedtaket blir fatta. Det vil likevel ikkje gjelde i saker som ikkje er klagesaker, eller det ikkje er grunn til at nokon part vil vere misfornøgd med vedtaket, jf. andre ledd første setning.

Det er ikkje tvil om at det i denne saka har blitt fatta eit enkeltvedtak, jf. fvl § 2 første ledd bokstav b. Vedtaket skal difor grunngjevast.

Det er i fvl § 25 vist til kva grunngjevinga i eit forvaltningsvedtak skal innehalde:

*«I begrunnelsen skal vises til de regler vedtaket bygger på, med mindre parten kjenner reglene. I den utstrekning det er nødvendig for å sette parten i stand til å forstå vedtaket, skal begrunnelsen også gjengi innholdet av reglene eller den problemstilling vedtaket bygger på.»*

*I begrunnelsen skal dessuten nevnes de faktiske forhold som vedtaket bygger på. Er de faktiske forhold beskrevet av parten selv eller i et dokument som er gjort kjent for parten, er en henvisning til den tidligere framstilling tilstrekkelig. I tilfelle skal det i underretningen til parten vedlegges kopi av framstillingen.*

*De hovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av forvaltningsmessig skjønn, bør nevnes. Er det gitt retningslinjer for skjønnsutøvingen, vil i alminnelighet en henvisning til retningslinjene være tilstrekkelig.»*

Det blir i Ot.prp.nr.3 (1976-1977) på side 88 knytt til § 25 uttalt:

*«Begrunnelsen må også fortelle hvilket faktisk forhold som er lagt til grunn for vedtaket».»*

Det må sjåast i samband med forvaltninga si plikt til å sorgje for at saka er så godt opplyst som mogeleg, jf. fvl § 17.

Det er ikkje nokon saksutgreiing knytt til vedtaket som synleggjer vurderinga eller dei faktiske omsyna som har gjort seg gjeldande i saka, og som tilseier eit avslag etter jordlova § 12 tredje ledd. Det er dermed ikkje mogeleg å fastslå kva som har vore utslagsgjevande når kommunen har kome fram til at det ikkje kan gjevast samtykke til frådeling etter jordlova. Det er såleis ein mangel ved vedtaket at det det ikkje er synleggjort kva for moment og omsyn som har vore utslagsgjevande for avslaget.

Det følgjer av fvl § 41 at dersom reglane om handsaming, etter forvaltningslova eller i forskrift gjeve i medhald av lova, ikkje er overhaldne ved handsaming av ei sak som gjeld enkeltvedtak, vil vedtaket likevel vere gyldig dersom feilen ikkje har virka inn på vedtaket sitt innhald.

Det blir i Ot.prp.nr.38 (1964-1965) side 120 uttalt:

*«Departementet finner derfor ingen betenkelskap ved å foreslå den endring i utkastet at feilen bare skal komme i betraktning «dersom det er sannsynlig at den kan ha virket bestemmende på vedtakets innhold.»»*

Det inneber at eit forvaltningsvedtak kan kjennast ugyldig, dersom det kan tenkast at feilen har hatt verknad for resultatet.

I Rt. 1981 s. 745 og Rt. 2000 s. 1066 blei eit vedtak om forkjøpsrett kjent ugyldige av Högsterett som følgje av «mangler ved begrunnelsen (som) kan tyde på svikt ved selve

*avgjørelsen» og «mangler ved begrunnelsen ... som kan tyde på at det er en svikt i selve avgjørelsen som følge av at avgjørelsесgrunnlaget ikke har vært forsvarlig».*

Det er Fylkesmannen sitt syn at verknaden ved feilen fører til at det vil vere vanskeleg å prøve saka, og vurdere om vedtaket har blitt fatta på riktig grunnlag. Det er i denne saka motstrid mellom det som er grunngjevinga for vedtaket, og sjølve vedtaket. På bakgrunn av dette hefter det ein sakshandsamingsfeil ved vedtaket som tilseier at vedtaket kan ha blitt fatta på feilaktig grunnlag.

Fylkesmannen er ut i frå dette i tvil om vedtaket faktisk har blitt fatta på riktig grunnlag, som følge at saka ikkje er grunngjeve. På bakgrunn at dette er det difor grunn til å rekne med at feilen kan ha virka bestemmande på vedtaket sitt innhald, jf. fvl § 41.

Fylkesmannen ved landbruksavdelinga er av det syn at det er nødvendig å oppheve vedtaket etter jordlova § 12, då det ikkje er mogeleg å vurdera om vedtaket er fatta på riktig grunnlag knytt til handsaming av klagesaka.

Fylkesmannen har på dette grunnlaget kome fram til at den delen av vedtaket som gjeld jordlova § 12 er ugyldig etter fvl § 25 jf. § 41. Vedtaket blir difor oppheva og sendt tilbake til kommunen for ny handsaming, jf. fvl § 34 fjerde ledd.

Fylkesmannen vil påpeike at det i samband med frådelingssaker er nødvendig at det ligg føre samtykke etter både plan- og bygningslova og jordlova, for at tiltaket skal kunne verksettast. Då det ligg føre eit endeleg negativt vedtak etter plan- og bygningslova, bør kommunen vurdere om det vil vere hensiktsmessig å handsame saka på nytt etter jordlova, eller refundere sakshandsamingsgebyret for handsaming etter jordlova til søkeren.

Vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. fvl § 28 tredje ledd.

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Trond Håkon Stadheim  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ